



Hammar-Kameratane AS
Hella 60
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/329 - 15/4925

Saksbehandlar:
Robert Mjøs
robert.mjøs@radoy.kommune.no

Dato:
29.04.2015

Oppmålingsak Gbnr 99/153 tomannsbustad Adressetildeling - Valdersnesvegen 22 A og B

Delegasjonssak nr.: 118/2015

Saksutgreiing:

Massiv adressetildeling for Radøy kommune vart gjennomført i 2009. Endringar og ny adresseringar vert føreteke kontinuerleg ved enkeltvedtak.

Tomannsbustaden har fått igangsettingsløyve 24.04.2015 og har to inngangar. Skrivemåten for stadnamn er regulert i *Lov om stadnamn*, og tildelt adressenamn er godkjend av Namnekonsulentane for Vestlandet, og vedteke i Radøy kommunestyre. Vedtak på adressenamn kan ikkje påklagast, men det kan klagast på husnummertildeling og kva adresseparsell bygning/eining høyrer til.

Vurdering:

Skilt og plassering skal tilfredsstillende lovkrava.

I visse tilfelle kan det vere aktuelt at huseigar i tillegg til standard husnummerskilt på huset eller ved innkøyringa, også set opp supplerande tilvisingskilt.

Det skal nyttast standard husnummerskilt. Dei aktuelle skilta kan kjøpast eller tingast i vanlege jernvarebutikkar eller direkte hos eit skiltproducentfirma.

Av omsyn til redningsinstansane og ukjende som skal finne fram, skal skiltinga vere utført så snart som råd og seinast innan 4 mnd.

Posten.

Den tildelte adressa vert også postadresse dersom ikkje postboks eller anna er avtala med Posten. Posten er informert om adresseendringa og treng ikkje eigen melding, men Posten ønskjer at andre kontaktar vertinformert om den nye adressa på eigna blankettar som ein får på postkontoret. Spørsmål til Posten kan rettast på kundeservicetelefon 810 00 710 eller internett www.posten.no

Informasjon.

Informasjon finn du også på www.radoy.kommune.no under informasjon – adressetildeling.

Kva gjer ein om ein ikkje er nøgd med adressa.

Kommunen har mynde til å endre ei adresse og ein adresseparsell ut frå overordna omsyn til forvaltning av adresseverket. Ei adresse skal vere i samsvar med gjeldande infrastruktur og er difor gjenstand for endring.

Etter reglane kan ein klage på sjølve nummertildelinga eller kva for veg huset skal ha si adressetilknytning til. Det er berre eigar som kan klage og klagefristen er tre veker etter varsel om endring.

Ev. klage skal stilast til Fylkesmannen i Hordaland, men sendast Radøy kommune.

Kommunen kan yte hjelp og anna rettleiing for den som ønskjer det.


Vedtak

Radøy kommune har i samsvar med gjevne retningsliner gjort følgjande adressetildeling:

Gnr /Bnr Vegnamn

99/153 Valdernesvegen 22 A Bygningsnr. 300496848 - H0101

99/153 Valdernesvegen 22 B Bygningsnr. 300496837 - H0101



Vedtaket er gjort i medhald av Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkellova – i kraft 01. jan. 2010) § 21 og tilhøyrande forskrift kap. 12 og felles kommunale retningslinjer til lovheimelen for kommunane i regionen Nordhordland og Gulen.

Kommunen registrerer vedtaket i det nasjonale adresseregisteret Matrikkelen, dersom det ikkje kjem inn klage på denne adresseendringa innan 3 veker etter at de vart gjort kjend med vedtaket. Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema. Saka er handsama og godkjent administrativt i medhald av delegert mynde.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt oppmålingsingeniør Robert Mjøs.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Robert Mjøs
oppmålingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Hammar-Kameratane AS

Hella 60

5936

MANGER